

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**  
**Møtested:** Telefon  
**Dato:** 30.03.2017  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Estimert tid førebuing 2 timar.

Beklager sein innkalling.



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone for filming på toppturer - Heftye Opplevelser v/Håkon Mæland		2017/1893
ST 3/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bruk av drone for filming for Nasjonalparkriket Reiseliv - Field Productions v/Espen Kristiansen		2017/2042
ST 4/2017	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Bruk av drone for filming - Nasjonalparkfestivalen Under Storen		2017/2215
ST 5/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - 2019 - Besseggløpet - utvida løypetrase - Besseggløpet v/ Tor Erik Moen		2017/369
ST 6/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av motorbåt for vassdragsovervåking på Gjende - Norsk institutt for naturforskning NINA		2017/2007
ST 7/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøskuter/beltebil og traktor for transport av gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS		2017/2055

Arkivsaksnr: 2017/1893-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 20.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone for filming på toppturer - Heftye Opplevelser v/Håkon Mæland

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.2, avslår Arbeidsutvalet for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad om dispensasjon for bruk av drone til filming av toppturar innan Jotunheimen nasjonalpark i tidsrommet 30. mars-2. april 2017. Tiltaket blir ikkje vurdert å vera i samsvar med vilkår sett i naturmangfaldlovas § 48 som krev at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Presedensverknad og omsynet til naturmangfaldslova §§ 9 og 10 om *føre-var-prinsippet* og *samla belastning* tilseier at ein ikkje kan opne for denne typen tiltak. Løyve til denne typen fritidsfilming vil medføre ei utholing av verneforskrifta gjennom mange enkeltdispensasjonar.

Filminga kan heller ikkje karakteriserast som tiltak av stor samfunnsmessig verdi, jf. krava i nml § 48. Nasjonalparkstyret har ut frå ei samla vurdering lagt seg på ei restriktiv linje når det gjeld bruk av drone for filming av fritidsaktivitetar i verneområdet, men har på visse vilkår opna for enkelte oppdrag knytt til overordna marknadsføring i regi av reiselivsselskapa.

Enkelte av turmåla – m.a. Torshamaren og Utsikten – ligg elles utanom nasjonalparken, der det ikkje er forbod mot bruk av drone.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad av 13.03.17 frå Håkon Mæland

Håkon Mæland søker om løyve til å nytte drone i kategorien RO1 til luftfoto i perioden 30. mars – 2. april 2017. I søknaden står m.a.:

«Jeg skal jobbe for Heftye Opplevelse på Eidsbugarden på en toptur camp de har der fra 30.03 til 02.04. <http://heftyeopplevelser.no/basecamp/basecamp-eidsbugarden/>

Jeg lure da på om vi kan få lov til og bruke en liten drone, for følgende topturer i området:

- Uranostind
- Gladeberget
- Høgrbråthøgda
- Langskarvelitind
- Torshammeren
- Utsikte
- Søttafjell

Jeg rekker ikke filme på alle disse toppene, men kjekt å vite om vi i det hele tatt får lov til å filme på noen av de.

Det vil bli bruk en drone som faller inn under RO1 sertefisering (drone under 2.5kg) og vil bli opprert av meg. Jeg har godkjert RO1 sertefisering for og kunne operer dronen.»

M.a. Torshamaren og Utsikten ligg utanom verneområde, der det ikkje er restriksjon på bruk av drone. Galdeberget og Sløtafjellet ligg også utanfor nasjonalparkgrensa, dersom det er desse det er meint med nemningane «Gladeberget» og «Søttafjell».

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – nml (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da denne lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Det er ingen som har krav på å få dispensasjon sjølv om vilkåra er oppfylt. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 kan også gje føringar. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er:

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- - - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så modellfly er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Jotunheimen har i løpet av dei siste to åra behandla fleire søknader om dronofilmning, og ser at samla tal søknader vil bli svært høgt dersom ein ikkje legg seg på ei resstriktiv linje når det gjeld fritidsfilming. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Ein har også i særlege tilfelle gjeve løyve til filmopptak knytt til samordna marknadsføring i regi av reiselivsselskapa.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8 i nml.) er ganske bra når det gjeld naturmangfald, men rovfugl er ikkje tilfredsstillande kartlagt i denne delen av verneområdet. Ein manglar også kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil ei enkeltstående hending med bruk av drone truleg ha relativt liten innverknad på dei biologiske verneverdiane. Men etter §9 i nml. skal forvaltningsmyndigheitene også ta omsyn til «føre-var prinsippet» og vurdere den *samla belastninga* i området (§10 i nml.). Dronar byrjar å bli meir vanleg, og svært mange ønskjer meir spektakulære bilete enn dei får med eit vanleg kamera. Samtidig skal Jotunheimen vera ein arena for *uforstyrta naturoppleving*, jf. siste ledd i formålsparagrafen i verneforskrifta. Ein har heller ikkje detaljert kunnskap om rovfugl i området, og månadsskiftet mars/april er ei tid da enkelte artar har etablert seg for hekking. Ut ifrå føre-var-prinsippet og omsyn til samla belastning bør bruken av dronar for filming i nasjonalparken avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og bør ikkje tillatast for fritidsfilming for enkeltpersonar og turgrupper. Ut frå ei økosystemtilnærming er det viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Opning for ein ny aktivitet kunne bidra til uheldig presedens ved at svært mange vil ønskje å bruke drone til filming innan nasjonalparken.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing der kostnader til utbetring bør dekkjast av tiltakshavar, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, men her synest ikkje vilkåra i naturmangfaldlovas § 48 å vera til stades.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein ikkje tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande til filming for fritidsformål, da dette vil bety ei utholing av verneforskrifta gjennom mange enkeltdispensasjonar. Eit løyve til denne typen formål vil danne grunnlaget for uheldig presedens med tanke på liknande søknader i framtida. Mange enkeltsaker vil samla gje stor belastning – jf. naturmangfaldlova § 10. Det vil bli arbeidd vidare med prinsipielle avklaringar knytt til bruk av dronar, gjennom utforming av forvaltningsplanen som nå er under revisjon.

Enkelte av dei opplista turmåla – m.a. Torshamaren – ligg utanom verneområdet, slik at turgruppa har høve til å nytte drone på litt av turen, før dei kryssar nasjonalparkgrensa.

Arkivsaksnr: 2017/2042-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bruk av drone for filming for Nasjonalparkriket Reiseliv - Field Productions v/Espen Kristiansen

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, får Field Productions v/ Espen Kristiansen dispensasjon for bruk av drone i samband med filmopptak for Nasjonalparkriket Reiseliv

Dispensasjonen gjeld for inntil 3 dagar i tidsrommet april/mai 2017 med følgjande vilkår:

1. Filminga kan skje innan teig 5 sør for Leirdalen og teig 8 - *Smørstabbre-området* som ligg i såkalla brukssoner vist i forvaltningsplanen. Så langt det er mogleg bør elles filming skje i områda utanfor nasjonalparkgrensa.
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngås.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før kvar flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere opptaksområde og/eller tidsrom, må spørsmålet diskuterast med nasjonalparkforvaltar i god tid før flyging.
6. Det er positivt at filmen ikkje skal setja fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone el.l., men berre viser sjølve turane.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.



## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 20.03.17 frå Field Productions AS

Field Productions AS søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med filmopptak for Nasjonalparkriket Reiseliv si marknadsføring. I søknaden er det gjort nærare greie for oppdraget:

*«I samarbeid med Nasjonalparkriket (NPR) jobber vi med en reklamefilm om områdene som innbefatter Nasjonalparkriket og de fjell og rekreasjonsområder som finnes i regionen. Denne filmen har fokus på natur, opplevelse, mat, overnatting og lokal kulturopplevelse. Filmens hovedformål er å selge NPR, overnattings steder og aktiviteter i regionen til et internasjonalt publikum, og filmen vil bli vist og distribuert verden over. Dette er en videreføring av prosjektet vi gjorde på Besseggen i 2016, i samarbeid med Innovasjon Norge og Valdres. Vi skal i denne omgang ha spesielt fokus på snøkkledde fjell og topptur på ski. Vi ønsker å benytte oss av drone til filmingen for å få de unike og spesielle bildene av norsk natur, samt å kunne benytte det beste og mest moderne av filmutstyr.*

### **SØKNAD OM DISPENSASJON FRA FORBUD MOT BRUK AV DRONE I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK**

Field Productions AS, på vegne av Nasjonalparkriket. Søker herved Lom og Luster Kommune, om dispensasjon fra forbud mot bruk av drone, i henhold til forvaltningsloven §3 pkt. 7.2 "forbud mot flyging av drone i Jotunheimen nasjonalpark".

#### Tidsrom:

For to-tre dagers flyging, i tidsrommene **18. April. – 18 Mai. 2017 (med unntak av helligdager)**. Nøyaktig tidsperiode for prosjektet er per ansøker tidspunkt vanskelig å spesifisere, da det foreligger åpenbare logistiske og eksterne faktorer (værforhold, tilgjengelighet etc.) som må på plass før man er i stand til å tidfeste avvikling av prosjektet. Ansøker vil informere nærmere om mer nøyaktig tidsperiode så raskt det lar seg bestemme.

#### Formål:

Begrenset avgang/landing og flyging under 1000 fot, til filming i fjellområdet i kommunene, for filmopptak med eksponering av kommunens natur. Maksimalt antall flytid: Inntil 3 timer.

#### Område:

Høyalpine og utilgjengelige fjellområder i kommunen. Med spesielt fokus på området rundt Leirdalen og Leirvassbu. Smørstabb-Tindane, Stetiden, Kyrkja, Tverrbottntindan og Bukkehols-Tindane

#### Øvrige vilkår:

Det foreligger ansøker et selvpålagt ansvar for at ikke dyreliv eller annet blir forstyrret på noen som helst måte under arbeidet. Vår intensjon er å ta alle hensyn til dyreliv, og annen ferdsel i fjellet. Bruk av drone vil ikke bli fremstilt på verken film eller stillbilder, men benyttes kun som et nødvendig verktøy bak kulissene for å oppfylle ambisjonene for dette prosjektet.»

Delar av det ønskede opptaksområdet ligg utanom nasjonalparken: Leirvassbu/Leirdalen, austsida av Stetinden og vestsida av Tverrbottntindane.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *-----*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, og kap. 8.14. gjev følgjande føringar for slike mindre farkostar:

*«At framlegget til nye forskrifter inneheld forbod mot unødvendig støy (m.a. motordrive modellfly og modellbåt) er viktig fordi naturen sine egne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si natur- og friluftslivoppleving.»*

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparkar, og fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Fleire søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område som t.d. Hurrungane har fått avslag.

Nasjonalparkstyret har på den andre sida innvilga nokre løyve til bruk av drone for filming i samband med marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet. Leirdalen og Smørstabbtindane er blant dei større turistmåla i nasjonalparken, og delar

av området ligg innan såkalla «brukssone» i gjeldande forvaltningsplan (Teig 5 og 8). Om desse sonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

Kartutsnittet under viser sonedelinga:



Vestre del av området som blir søkt marknadsført ligg i Teig 8: Smørstabbre-området, medan området sør for Leirvassbu ligg i teig 5.

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det er frå nasjonale styresmakter gjeve føringar om bruk av nasjonalparkane for auka verdiskaping, og profesjonell marknadsføring av robuste område som toler bruk synest å vera i tråd med føringane.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyringar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er ikkje det planlagde opptaksområde blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Turistmålet Galdhøpiggen har svært mange besøkande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i lite trafikkerte område. Det er likevel svært viktig å vise respekt for andre som ferdist i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i denne delen av nasjonalparken, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen. Omsøkt filming kjem ikkje i direkte konflikt med lokalitetar innan parken, men det er også viktig å ta omsyn til sårbare rovfugllokaltetar utanom verneområdet. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å ha ein tydeleg dispensasjonspraksis som skil mellom sårbare og mindre sårbare område, og innarbeide dette ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Nml § 11 om miljøforringing blir ikkje vurdert som relevant her. Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades, jf. § 12 om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder».

Opptaksområda bør avgrensast til dei såkalla «brukssonene» vist i forvaltningsplanen, da det er viktig å ha ein tydeleg dispensasjonspraksis som støttar opp under dei grepa som er gjort i forvaltningsplanen med differensiert forvaltning. For ivaretaking av siste ledd i formålsparagrafen om ålmenta sitt behov for *uforstyrra naturoppleving* bør ein avgrense dispensasjonar for denne typen aktiviteter til dei såkalla «brukssonene», slik at ein held delar av parken mest mogleg fri for ymse typar marknadsføring.

### **Konklusjon**

Opptaka bør så langt det er råd leggast til område utanom nasjonalparkgrensa, men ein ser at Smørstabtindane nok vil vera eit område med ekstra stor verdi sett frå ein marknadsføringsståstad. Ut ifrå ei samla vurdering kan ein innan teig 8 og teig 5 i nasjonalparken tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Filming i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Det er positivt at filmen ikkje skal setja fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone el.l., men berre viser sjølve turane. Filmane kan bety mykje for marknadsføringa, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet i området.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2017/2215-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 28.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	4/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Bruk av drone for filming - Nasjonalparkfestivalen Under Storen

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og utladalen landskapsvernområde, jf. naturmangfaldlovas § 48, får Nasjonalparkfestivalen under Storen dispensasjon for nytte filmopptak gjort med drone til marknadsføring av festivalen. Søknad av 27.03.17 er behandla i ettertid av gjennomført oppdrag, da tiltakshavar ikkje var kjent med regelverket før filminga var utført.

Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret ser at filmene kan vise naturen i området på ein positiv måte. Det blir sett som vilkår at søkjar følgjer opp med informasjonstiltak om reglar for dronofilming, slik det er skissert i søknaden.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Det er ei føresetnad at opptak som skal brukast er gjort i tråd med Samferdselsdepartementets forskrift av 30-11-15 Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv, når det gjeld sikkerheit og avstand til eventuelle turfolk som var i området
2. Det skal formidlast at dronofilming i landskapsvernområdet og nasjonalparken krev dispensasjon frå verneforskrifta.
3. For eventuelle seinare høve må det søkjast god tid i førevegen.

Nasjonalparkforvaltninga ønskjer ein kortfatta tilbakemelding som viser korleis filmene blir brukt i marknadsføring

## Saksopplysningar

### Saksdokument

- Søknad ved e-post av 27.03.17 frå Nasjonalparkfestivalen Under Storen v/ Frank Eldegård.

SNO-Jotunheimen oppdaga tilfeldigvis ein filmsnutt for marknadsføring av Nasjonalparkfestivalen 2017 der det tydelegvis var nytta drone. Ho tok kontakt med dei ansvarlege og orienterte om gjeldande regelverk etter revisjon av forskriftene 14.11.14. Festivalleinga var ikkje kjent med regelverket, og tok straks kontakt med nasjonalparkforvaltarane ved e-post 27. mars og beklaga sterkt hendinga. Det vart sendt følgjande søknad om godkjenning i ettertid:

*«Syner til mottaken e-post vedrørende bruk av drone i promofilm for Nasjonalparkfestivalen under Storen. Promofilmen er sett saman av ulike klipp me har fått frå personar over eit breiare tidsrom. Desse er no kjende med gjeldande reglement.*

*Klipp med drone frå Utladalen og Hurrungane er med størst sannsynlegheit filma etter påbodet om løyve til slik bruk, og er diverre gjort før ein har vorte kjend med nytt reglement. Me søker difor om dispensasjon for å få nytte desse opptaka. Opptaka vil vere viktige for både festivalen og Utladalen LVO som attraksjon.*

*Me vonar difor at ein kan få innvilga dispensasjon, og kan melde at reglement er registrert og skal bli følgt av Stiftinga for plan av tilsvarande opptak i framtida.»*

Filminga er gjort av Austabotntindane, Vettisfossen, Utle, Avdalen og utanfor verneområdet sommarstid.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Verneforskrifter for Jotunheimen og Utladalen fekk ved revisjonen i 2014 eit eige punkt som regulerer denne typen farkostar. § 3 pkt. 7.2 i dei to verneforskriftene har forbod mot bruk av «modellfly og liknande». Det blir tolka slik at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlovas § 48. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon berre dersom tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vera oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn.

### Verneformål for Utladalen landskapsvernområde

Formålet med vern av Jotunheimen er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og



villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

---

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, og kap. 8.14. gjev følgjande føringar for slike mindre farkostar:

«At framlegget til nye forskrifter inneheld forbod mot unødvendig støy (m.a. motordrive modellfly og modellbåt) er viktig fordi naturen sine egne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si natur- og friluftslivoppleving.»

Utladalen og området mot Vettisfossen er i forvaltningsplanutkastet frå 2008 vist som «brukssonene»: Teig 11 – Øvre Utladalen. Området rundt Austabotntindane ligg innan sone utan tilrettelegging og inngrep: Teig 4 – Hurrungane.

Kartutsnittet under viser sonedelinga:



Overordna strategi for teigane innan verne sona (grønt på kartet):

«Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skje. Løyve til tilrettelegging kan berre gjevast unntaksvis og i svært spesielle tilfelle når dette vil fremje verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit.»

Om desse såkalla «brukssonene» står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Bruk av drone til filming er ein relativt ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparker, og fleire er innvilga, men med tydelege avgrensingar av formål, område og tidsrom. Innvilga saker er i hovudsak knytt til målretta marknadsføring eller til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv/hekkelokalitetar og vilkår om unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har lagt seg på ei linje der søknadar om bruk av drone for privat filming av fritidsaktivitetar har ikkje vorte innvilga. Søknader som gjeld marknadsføring som kan bidra til verdiskaping/næringsutvikling er nøye vurdert for kvart enkelt tilfelle, og det er på visse vilkår gjeve løyve for destinasjonsselskapa i området. I slike saker har ein særleg vurdert om det er ønskeleg å trekkje fleire folk til det aktuelle området og om auka trafikk kan tenkjast å gå ut over verneverdiane. Det kan skape presedens om ein opnar for ukritisk bruk av drone for marknadsføring, utan å ha ei konkret vurdering av effekt på verneverdiar og om det er i tråd med den overordna forvaltningsplanen. Det er lagt vekt på om marknadsføringa er i tråd med sonedelinga med brukssoner og skjerma område. Ein har t.d. vore noko tilbakehaldande med å opne for særskild promotering av vårskiløping i Hurrungane, da dette skjer på ei sårbar årstid for villreinen. Oversiktsfilming for å vise det ville og vakre fjellandskapet i Hurrungane har derimot vorte gjeve for reiselivsselskap for samla marknadsføring av eit større område.

Ein har prøvd å samle marknadsføringstiltak på destinasjonsselskapa for å unngå mange enkeltsaker. Men ein ser også at dette spesielle arrangementet har ei særskild kopling til nasjonalparken og landskapsvernområdet, og at dei kan ha behov for ei litt anna vinkling enn marknadsføringa som skjer i regi av reiselivslaga. Det er forståeleg at ikkje alle var kjende med regelverket, da det ikkje er alle verneområde som har like tydeleg forbod som det ein finn i dei nye forskriftene for Jotunheimen og Utladalen.

Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova: Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det generelt viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Det ligg ikkje føre detaljerte opplysningar om tidspunkt for filminga. Indirekte effektar ved at marknadsføringa gjev auka trafikk og slitasje kan derimot vera i konflikt med verneverdiar og føringar i forvaltningsplanen.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving»* kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Dette gjeld særleg såkalla «vernesone».

Det er viktig å vise respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Ein legg til grunn at flyginga har skjedd i samsvar med Samferdselsdepartementets forskrift av



30-11-15 *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv*, som også har strenge føringar på avstand til andre.

Spørsmålet i denne saka er om det ut frå verneformål og verneverdiar er ønskjeleg å marknadsføre området. Eit moment som talar for, er at filmen kan nå mange med informasjon om reglar for dronefilming. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (nml § 10) er det likevel viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen.

Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til spesielle formål, og kan ikkje gjevast for privat fritidsfilming ut frå presedensverknad. Sjølve droneflyginga medfører ikkje miljøforringing dersom det blir utført på ein omsynsfull måte, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarligeteknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, slik at drone er beste tekniske hjelpemiddel for filmopptak dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

Sidan søkjaren straks orienterer om tiltak som dei i ettertid oppdaga at var i strid med verneforskrifta, blir det tilrådd å ta opp søknaden til behandling på same måte som om det hadde vore søkt i forkant, jf. liknande tilfelle ved Besseggen, sak .

### **Oppsummering**

Det er kort skissert tre moglege utfall, sortert etter strengaste reaksjonsmønster:

- Melde saka som brot på vernereglane (ein ser denne som lite aktuell, ut frå linja som er vald med først å bruke aktuelle saker til informasjon om regelverk)
- Avslå søknad om godkjenning i ettertid, da ein ikkje ønskjer området promotert på denne måten.
- Godkjenne søknaden om godkjenning i ettertid, slik at filmopptaka kan brukast. Dette bør kombinerast dette med vilkår om tydeleg informasjon, i tråd med oppfølging skissert av søkjaren.

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein akseptere dispensasjon frå forbod mot bruk av modellfly og liknande i Utladalen. Ein dag med filmopptak i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Filmen vil truleg ha ein viss marknadsføringseffekt, Filmen kan bidra marknadsføring av Noreg og fjellområda som arena for eit mangfald av fritidsaktivitetar i naturen, og det må ved ein eventuelle dispensasjon stillast vilkår om tydeleg informasjon om regelverk for dronefilming.

For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det blir arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar og om sykling i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Arkivsaksnr: 2017/369-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	5/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017-2019 - Besseggløpet - utvida løypetrase – Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.2, får Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen løyve til utviding av løypetraseen for Besseggenløpet til også å omfatte stigen langs stranda mellom Gjendesheim og Memurubu. Vilkåra er som i dispensasjon gjeve i sak 6/2017 i nasjonalparkstyret, pkt. 1-11, med følgjande tillegg til pkt. 4 (vist i kursiv skrift):

4. Deltakarane skal følgje den merka stigen. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire deltakarar samtidig enn at dei kan halde råket opp frå Memurubu. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar i løpet. *På dei smalaste partia over bergehamrane langs stigen mellom Gjendesheim og Memurubu må det plasserast vakter som styrer trafikken etter stigen, for å hindre vegetasjonsslitasje på sidene og unngå farlege situasjonar ved møte eller passering av turfolk.*

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Sak 6/2017 i nasjonalparkstyret - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017-2019 - Besseggløpet - Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen
- Søknad om utvida trase ved e-post av 22.03.17 frå Tor Erik Moen

Besseggen Fjellpark v/ Tor Erik Moen fekk i sak 6/2017 i nasjonalparkstyret løyve til arrangement av Bessegløpet for ei ny treårsperiode for 2017-19. Han søkjer nå om å utvide løpet, slik at dei som ønskjer lengre løp kan springe etter stigen langs stranda mellom Gjendesheim og Memurubu med retur over Besseggen tilbake til Gjendesheim.

Han viser til at dette grepet også kan spare noko båttransport.

### **Vurdering**

Det blir vist til dei generelle vurderingane i nasjonalparkstyret sak 6/2017. Søknaden gjeld ei mindre tilpassing, som ikkje vil utløyse behov for vesentleg meire hjelpemannskap. På dei smalaste partia over bergehamrane på stigen langs stranda er det viktig å styre trafikken godt, for å unngå farlege situasjonar eller slitasje på vegetasjonen på sidene av stigen. Her bør det stå vakter på utsette parti.

Vurdering av utvida trasé, etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12:

Det er svært rik vegetasjon på denne strekninga, med naturtypen *Bjørkeskog med høgstauder* fram til Hamnhåmåren og *Sørvendte berg og rasmarker* vidare vestover. Det vestlege området er karakterisert som *Svært viktig*, og bjørkeskogen har verdi *Viktig*. Kartfestinga er gjort i 2002, og ingen av områda er detaljkartlagt i samsvar med nyare kvalitetskrav til Naturbasen. Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfaldlova § 8) er likevel godt nok til å kunne si at eit terrengløp som følgjer eksisterande stig ikkje vil gå ut over dei botaniske verneverdiane i området. Det er også registreringar av sårbare fugleartar som t.d. blåstrupe i bjørkeskogbeltet, men så lenge løparane følgjer stigen vil ikkje uroinga vera annleis enn frå dei vanlege fjellvandarane som brukar området.

Det relativt beskjedne deltakartalet utgjer lite belastning i høve til den generelle ferdsele i dette området, og det er ikkje grunnlag for å vise til nml §§ 9 og 10 om føre-var-prinsippet og samla belastning i denne saka. Nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar er ivaretatt ved at løpet går over eit kort tidsrom, og har krav om å følgje eksisterande turstig, og vert ikkje vurdert å ha negativ innverknad på fugle- og dyreliv.

Motorferdsla i form av beredskap frå Vågå Røde Kors med ekstra båt på Gjende vil vera uendra. Båttransporten elles kan bli redusert for dei som vel å springe heile runden.

Etter ei samla vurdering kan ein tilrå omsøkt utviding, men med særleg merksemd på kravet om å halde seg til stigen av omsyn til sårbar vegetasjon på ruta langs Gjende. Vurderingar og vilkår elles er som i sak 6/2017 i nasjonalparkstyret.

Arkivsaksnr: 2017/2007-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	6/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av motorbåt for vassdragsovervåking på Gjende - Norsk institutt for naturforskning, NINA

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, får Norsk institutt for naturforskning i samarbeid med NIVA dispensasjon for å bruke spesialutstyrt motorbåt på Gjende og å kjøre snøscooter på isen, i samband med innsamling av prøver for vassdragsovervåking 2017.

Tiltaket er vurdert etter verneforskrift, forvaltningsplan og naturmangfaldlova.

Det blir sett følgjande vilkår for løyvet:

- For bruk av snøscooter på strekinga Gjendesheim til prøvetakingspunkt på isen bør det engasjerast leigekjører som har slik løyve innan Vågå kommune.
- Løyvet for båtbruk gjeld bruk av spesialbygd båt på Gjende i tidsrommet mai - oktober 2017, i samsvar med søknad om innhenting av prøver som er nødvendige for gjennomføring av vassdragsovervåking etter oppdrag frå Miljødirektoratet.
- Innsamling av vegetasjonsprøver langs land vert tilrådd utført i samarbeid med Vågå fjellstyre – mobil 909 66 277.
- Transporten skal skje omsynsfullt, slik at ein unngår skader eller ulemper i høve til naturmiljøet og andre brukarar av innsjøen, med særleg vekt på rutebåttrafikken og fiskarar på Gjende. Båttransporten skal utførast på vekedag, helst måndag-torsdag.
- Farten skal tilpassast det som er normal båtbruk på vatnet med motorstorleik 10 hk.
- SNO v / Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt for transportane seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.
- Orientering om tidspunkt for båttrafikk skal også gjevast til Gjendebåten/ Harald Rune Øvstedal (mobil 913 06 744).

## Saksopplysninger

### Saksdokument:

- Søknad av 17.03.2017 frå NINA/NIVA v/ Knut Andreas Eikland Bækkelie, NINA
- Sak 47/2015 i Nasjonalparkstyret: *Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Bruk av motorbåt i samband med vassdragsovervaking på Gjende - Norsk Institutt for Naturforskning - NINA*
- Sak AU-1/2016: *Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av motorbåt og helikopter i samband med vassdragsovervaking på Gjende - Norsk institutt for naturforskning - NINA*

### Utdrag av søknaden:

«På oppdrag fra Miljødirektoratet har Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Norsk institutt for naturforskning (NINA) ansvaret for basisovervåking av store innsjøer i samsvar med Vannforskriften (norsk tilpasning til EUs vanndirektiv). Prosjektet har kortnavnet ØKOSTOR og blir leia av NIVA. I 2017 skal følgende innsjøer overvåkes: Øyeren i Akershus/Østfold, Byglandsfjord i Aust-Agder, Lundevatnet i Vest-Agder og Rogaland, Vangsvatnet i Hordaland, Hornindalsvatnet i Sogn og Fjordane, Eikesdalsvatnet i Møre og Romsdal, Selbusjøen i Sør-Trøndelag, Gjende i Oppland.

--

Vi søker herved Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen om dispensasjon fra motorferdselloven i Gjende i perioden mai-oktober 2017.

(Viser til tidligere gitt dispensasjon 2015/3919 og 2009/612/39).

Begrunnelsen for søknaden er at vi er avhengig av båter med stor motor (>75 hk), som er store nok (opptil 23 fot) og kraftige nok til å gi sikre arbeidsforhold, og til å kunne håndtere tungt feltutstyr, inkludert vinsjer og annet spesialutstyr som er nødvendig for gjennomføring av arbeidet. I alle innsjøene unntatt Gjende vil det benyttes båt og båtfører fra Statens Naturoppsyn, samt fra NINA under prøvefisket. I Gjende vil båt fra Trolling adventure benyttes, som er den samme båten vi brukte der i 2015 og 2016. Båtfører på Gjende vil være NINAs personell på Lillehammer, som også har tilsvarende erfaring fra 2016.

Følgende arbeidsoppgaver krever stor båt:

1. Dybdekartlegging vil bli utført i mai og innebærer kjøring av transekter (linjer) på kryss og tvers av innsjøen, og er stipulert til å ta 1-2 dager.
2. Prøvetaking av vann til analyse av næringssalter og andre vannkjemiske parametere, samt planteplankton og dyreplankton. Denne prøvetakingen foregår på en stasjon over innsjøens dypeste punkt 1 dag pr. måned i perioden mai-oktober. Denne prøvetakingen innebærer kjøring fra utsettingsplass til dypeste punkt og tilbake igjen.
3. Registrering av nedre voksegrense for vannplanter gjøres i juli/ august på 10 stasjoner i strandsonen fordelt rundt innsjøen. Dette innebærer kjøring langs land fra stasjon til stasjon og er stipulert til å foregå over 1-2 dager, avhengig av værforholdene og lokale forhold på de forskjellige stasjonene.
4. Tråling og ekkoloddkjøring for å undersøke fiskebestandene i innsjøene.

Tilleggssøknad om bruk av snøskuter på Gjende:

I ØKOSTOR skal det også tas vannprøver og dyreplanktonprøver fra isen over dypeste punkt på i april (forutsatt sikker is). På grunn av dette punktets avstand fra brøytet bilvei og omfang og vekt av det utstyret som skal brukes har vi behov for snøskutertransport fra Gjendesheim og ut til prøvetakingspunktet på innsjøen. Vi ønsker eventuelt å leie snøskuter fra fjellstyret for Jotunheimen nasjonalpark, slik vi også gjorde for tilsvarende

*prøvetaking på Gjende i 2016. Vi søker derfor om dispensasjon fra motorferdselloven for bruk av snøskutertransport på innsjøen og ønsker gjerne tilbakemelding også på dette.*

*Vi ønsker også å informere grunneiere og andre rettighetshavere om denne aktiviteten. Vi antar det finnes grunneierlag o.l. for Gjende og ville sette pris på om dere kunne hjelpe oss med kontaktpersoner i den anledning?*

*Vi ber om tilbakemelding på søknaden så snart som mulig, da feltarbeidet skal starte tidlig i mai (samt i april fra isen på Gjende).»*

NNA/NIVA hadde liknande løyve for motorferdsel knytt til overvaking i 2015 og 2016.

## **Vurdering**

### Heimel:

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen, datert 14.11.2014
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)
- Naturmangfaldlova

Verneforskrifta har i utgangspunktet forbod mot motorferdsel, j.f. § 3 pkt. 6.1:  
*«Motorferdsel er forbode på land og vatn...»*

Søknad om bruk av stor båt må behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta, jf. § 48 i naturmangfaldslova,

*«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»*

§ 1, første ledd, i verneforskrifta til Jotunheimen nasjonalpark:

*«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.»*

Vidare er formålet med vernet m.a. å ta vare på:

- *Fjellvatn og vassdragsnatur*

Siste ledd i formålsparagrafen omhandlar friluftslivet, som er viktig interesse på Gjende:  
*«- - - Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Forvaltningsplanen, utdrag frå kap 8.17. - **FORSKING OG UNDERVISING:**

*«I eit område med urørt natur og verdfullt naturlandskap som i Jotunheimen og Utladalen vil det vere interessant å gjennomføre ei rekkje ulike forskingsprosjekt både innan ureining, dyre- og planteliv og samfunnet sin bruk av områda til m.a. rekreasjon og friluftsliv. Verneområda vil ha aukande verdi som type- og referanseområde ettersom utbygging skjer i andre område. Forsking er også viktig for verneområda for å auke kunnskapen om områda og kva for ein verdi dei har for samfunnet. Etter framlegg til verneforskrifter (§ 4 NP og i LVO) kan fylkesmannen gi løyve til vitskaplege undersøkingar når dette ikkje strir mot formålet med vernet.*

- - - -

*Forsking treng ofte faste innretningar og bruk av motoriserte kjørety. Når forskinga har som mål å auke kunnskapen om naturen og naturgrunnlaget i verneområda og dette ikkje kjem i strid med verneformålet, vil det vere avgjerande om nytten og føremonene av forskinga er større enn ulempene som eventuelle inngrep og motorferdsel medfører. Forskingsresultata skal formidlast til forvaltningsstyresmakta. Statens Naturoppsyn kan hjelpe til med gjennomføring av forskingsprosjekt så langt ein har kapasitet.»*

## **Vurdering**

Motorferdsel skal haldast på eit minimum, men noko motorferdsel er naudsynt. På Gjende er det rutebåt og regelmessig trafikk. Ekstra båtturar i samband med forskning vil ikkje påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig. Det må takast omsyn til rutebåttrafikken og andre som ferdast i båt på innsjøen.

Bruk av spesialbygd båt er nødvendig for å ha tilgang til utstyret som trengst for å ta prøver på største djup i innsjøen. Innsamling av vegetasjonsprøver langs land vert tilrådd utført i samarbeid med Vågå fjellstyre.

Bruk av snøcooter på isen er nødvendig for å kunne frakte div utstyr frå Gjendesheim til prøvetakingspunkta.

Vassdragskartlegginga vil gje verdfull informasjon om naturforhold og vasskvalitet, og er ein nødvendig del av naturovervaking iverksett av Miljødirektoratet. Kartlegginga vil bygge opp under vernet gjennom auka kunnskap.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og brukarkonfliktar er kartlagt mellom anna i 3 brukarundersøkingar. Eit avgrensa tal turar med større båt og nødvendig snøscootertransport vil ikkje ha vesentleg verknad på registrerte verneverdiar, men vil bidra til å auke kunnskapen.

§ 9 Føre-var prinsippet: Den omsøkte motorferdsla gjev noko støy over eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljø og friluftsliv. Det er ein god del båttrafikk på Gjende frå før, og det er viktig med god dialog med Gjendebåten for at partane kan tilpasse seg til kvarandre.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken. Det er berre eit fåtal dispensasjonssaker pr. år som gjeld ferdsel på Gjende ut over det som er direkte heimla i forskrift eller skjer i regi av mangeårig tradisjon med rutebåttransport. Enkelt dispensasjonar har lite volum samanlikna med rutebåttrafikk/båtbruk for bruksberettiga som er heimla i forskrifta pkt.5.2.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Tilpassing av fart i høve til det som elles gjeld for båttrafikk på Gjende, er nødvendig ved prøvetaking på dagar med mange andre brukarar på innsjøen. Ved bruk av snøscooter er det viktig å vise omsyn og halde god avstand til andre brukarar av området.

Vågå kommune er forvaltningsmyndigheit etter motorferdsellova, og det er kommunal forskrift som regulerer motorferdsel i vassdrag. Denne opnar for løyve som gjeld i medhald av verneforskrift eller dispensasjon når det gjeld båtbruk på Gjende.

Arkivsaksnr: 2017/2055-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.03.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	7/2017	30.03.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøskuter/beltebil og traktor for transport av gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS

### Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til vedtak datert 30.03.2011 i Nasjonalparkstyret, til sak 6/2013 i Arbeidsutvalet, til sak 22/2015 i Nasjonalparkstyret og til tidlegare behandlingar frå perioden da Fylkesmannen i Oppland var forvaltningstyresmakt. Vi viser vidare til klageavgjerd ved brev av 03.11.2003 frå Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet), der Fylkesmannens vedtak av 24.03.2003 om avslag vart stadfesta.

Det er på nytt søkt om nøyaktig same tiltak som tidlegare år med gjentatte avslag, og Arbeidsutvalet kan ikkje sjå at situasjonen er endra. Søknad av 21.03.17 frå Memurubu Turisthytte om generelt løyve til transport av gjester til Memurubu med snøskuter/ beltebil og eventuelt også traktor blir avslått med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.1.

Rammene for transport av faste gjester med snøscooter/beltebil etter isen på Gjende er gjevne i § 3 pkt. 6.3 m), som opnar for inntil 2 turar i veka, jf. gjeldande løyve.

Grunngjeving: Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel i nasjonalparken. Dispensasjonsheimelen etter § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, blir ikkje vurdert som relevant, da denne er meint for situasjonar som ikkje er dekt av spesifiserte unntaksheimlar i forskrifta. Her er det ein spesifisert unntaksheimel som avgrensar omfanget av gjestetransport etter isen på Gjende til to turar kvar veke i vintersesongen.

Verten på Memurubu blir invitert til eit møte i mai/juni for samla gjennomgang av heile motorferdselløyvet til Memurubu, for å få oppdatert innhald og tilknytning til dei enkelte punkta i revidert verneforskrift gjeve ved Kgl. res. av 14.11.2014.



## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Memurubu turisthytte – søknad ved e-post av 21.03.2017
- Tidlegare behandlingar av søknad om same forhold; sist som sak 22/2015 i Nasjonalparkstyret.

Memurubu turisthytte har sendt følgjande søknad av 21.03. til nasjonalparkforvaltninga: [Søknad om transport av gjester med snøskuter/beltebil og traktor.](#) Søker med dette om transport av gjester og bagasje til Memurubu Turisthytte as i vintersesongen 2017 fra Gjendeosen til Memurubu. Det gjelder turer i hele sesongen.

Søknaden har om lag same innhald som diverse søknader som har kome dei siste 15 åra. Arkivsøk viser at bedrifta har søkt om det same kvart år frå 2003 (dette er så langt attende som ein har tilgang på elektronisk arkiv). Søknaden er avslått kvart år, da tiltaket er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan.

Til trass for mange avslag over ein lang periode er det nå søkt på ny. Det har ikkje skjedd endringar i verneforskrift eller i forvaltningsplan når det gjeld motorferdsel. Avslag har ikkje vorte påklaga etter klagebehandlinga som var i 2003, slik at søkjar tilsynelatande har akseptert vedtaka som har vorte gjort etter dette.

Søknaden vart vurdert slik sist den vart behandla av nasjonalparkstyret, sak 22/2015: «Nasjonalparkstyret viser til vedtak datert 30.03.2011 i nasjonalparkstyret, til sak 6/2013 i Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre og til tidlegare behandlingar frå da Fylkesmannen i Oppland var forvaltningsstyresmakt.

Vi viser vidare til klageavgjerd ved brev av 03.11.2003 frå Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet), der Fylkesmannens vedtak av 24.03.2003 om avslag vart stadfesta. Det blir på nytt søkt om nøyaktig same tiltak som tidlegare år med gjentatte avslag, og styret kan ikkje sjå at situasjonen er endra sidan verneforskrift og forvaltningsplan framleis gjev same føringar som ved tidlegare behandlingar.

Søknad frå Memurubu Turisthytte AS av 05.03.15 om løyve til utvida transport av gjester til Memurubu med snøskuter/beltebil – eventuelt også bruk av traktor for inn-/uttransport av varer og gjester blir avslått med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.1. Rammene for transport av faste gjester med snøscooter/beltebil etter isen på Gjende er gjevne i § 3 pkt. 6.3, som opnar for inntil 2 turar i veka.

Grunngjeving: Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel i nasjonalparken. Dispensasjonsheimelen etter § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, blir ikkje vurdert som relevant, da denne er meint for enkeltsituasjonar som ikkje er dekt av spesifiserte unntaksheimlar i forskrifta og som ikkje blir vurdert å vera i strid med verneformålet. Søknaden gjeld eit løyve knytt til eit ønskje om utvida motorferdsel, som vil danne grunnlag for presedens i høve til eventuelle liknande søknader. Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande forvaltningsplan, og fell også utanom dei retningslinjer som er tilrådd i utkast til revidert forvaltningsplan, som vart sendt til godkjenning i 2008.

Ei generell utviding av motorferdsel i nasjonalparken ut over dei unntaka som er gjevne gjennom § 3 pkt. 6.3 a)-t) er i strid med verneformålet og såleis utanom det ein kan gje dispensasjon for ved vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Nasjonalparkstyret vil i løpet av våren ta ein samla gjennomgang av heile motorferdselløyvet til Memurubu, for å få oppdatert innhald og tilknytning til dei enkelte punkta i revidert verneforskrift gjeve ved Kgl. res. av 14.11.2015.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, revidert 14.11.14
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Revidert verneforskrift har følgjande reglar for motorferdsel:

- § 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel innan nasjonalparken.
- Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- - - -

*«l) Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.*

*m) Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.»*

§ 3 pkt. 6.3 m) har ei spesifisert avgrensing på 2 turar i veka for transport av gjester på vinterføre frå Gjendesheim til Memurubu, men gjev ikkje heimel for utviding ut over dette. Det å nytte den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 / naturmangfaldlova § 48 for å utvide omfanget ut over det som er presisert som aktuelle formål i forskrifta, vil vera ei utholing av verneforskrifta som vart revidert og vedteken av Kongen i Statsråd den 14.11.14.

Forvaltningsstyresmakta har ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel og utvide tillempinga med avgrensa høve til persontransport som vart gjort for å ivareta gjeldande praksis på vernetidspunktet. Løyvet til kjøring to dagar i veka i vintersesongen gjev rom for ein planmessig transport av bagasje/utstyr i tråd med etablert praksis på vernetidspunktet. Motorisert transport etter eigendefinerte behov frå bedrifta vil vera ei generell liberalisering, som det ikkje er heimel for å innføre.

Samla motorferdselløyve for Memurubu har vorte forlenga fleire gonger, i påvente av ny forskrift og forvaltningsplan. Forvaltningsplanarbeidet er forseinka, men ein arbeider nå med revidert utkast med tanke på utsending i år.

Det gamle løyvet skal gjennomgåast for å få lenka innhaldet opp mot den nye nummereringa i revidert verneforskrift av 14.11.14. Det blir invitert til møte med fleire løyvehavarar før sommarsesongen 2017, for kvalitetssikring av innhald før løyva eventuelt blir fornya/vidareført gjennom nye vedtak i styret.